



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Møtebok for Sauherad og Nes sokneråd

Møtedato: 30.01.2016
Møtetid: kl. 19:00
Møtestad: Nes menighetshus (Kyrkjekontoret)

Til stades:

Anlaug Jorunn Bergan, Tora Skjerkholt Aarnes, Johannes Sand, Anne Marie Etholm, Målfrid Nygård Laskemoen, Jarl Olav Rugtveit, Anne-Inger Lunner, Geir Valle, Rune Nilsen, Alf Rose Sørugaarden

Meldt forfall:

Lars Roe.

Godkjenning av møtebok frå SR-møte 25.11.2015:

Det var utelatt nokre personar i utvalga: Johannes Sand var utelatt som vara til driftsutvalet (DU), og Torunn Hesthag var utegløymt som medlem av Viljandikomiteen.

Saker

Sak 000021 Orienteringar - rapport frå utvalga

Det blei referert at Henrik Ødegaard har meldt i frå om at han trekker seg som leiar og medlem av Viljandikomiteen.

Sak 001/16 Årsstatistikk 2015

Sauherad og Nes sokn leverer i januar kvart år oppgåver/statistikk til SSB (Statistisk sentralbyrå). Oversikten gir eit kvantitativt bilete av delar av den verksemda som blir drive i soknet.

I ein liten kommune som Sauherad blir det lett relativt store årvisse svingingar når det gjeld kyrkjelege handlingar, og ein skal lese og bruke statistikken med ei viss varsemd. T.d så gjekk talet på døypte ned med 35 % medan talet på gravlagde auka med 38 % frå 2014 til 2015.

På landsbasis er talet på døypte, dvs andelen av alle nyfødde som blir døypt, synkande. Medan det for ein del år sidan var godt over 90 % som døypte borna sine, er andelen no nede på vel 60 %. Dette er ei utvikling som kyrkja er uroa over.

Her i soknet ser vi at mange utflytta sauheringar kjem tilbake til si «heimekyrkje» både for å gifte seg og døypa borna sine. 40 % av dei 35 som blei døypt i kyrkjene våre i 2015 budde utanfor kommunen.

I fjor vart det fødd 30 born i Sauherad, og jordmora i kommunen opplyser at nesten berre 1/3 av mødrene tilhøyrrer Den norske kyrkja. På den bakgrunn er det ein høg dåpsandel når vi ser at 13 av borna fødd i 2015, med bustad i Sauherad, er døypt eller har planlagt dåp no i 2016.

Når det gjeld frammøte på gudstenester så ligg det relativt stabilt - kanskje med ein liten nedgang. Vi har eit høgt antall gudstenester her i Sauherad – viss ein reknar med alt. Kveldsbøn, ottesong (påskedag) og tidebønene ved pilegrimsvandringa utgjer det som kallast musikkandakter i statistikken. I 2015 var det 12 slike, og dei har eit gjennomsnittsbesøk på vel 20. Dei er såleis med å trekke ned gjennomsnittsbesøket totalt sett. Men når vi ser på kor mange som i gjennomsnitt er på gudsteneste i dei to kyrkjene våre ila året, så er jo det relativt bra; med 93 i Nes og 85 i Sauherad.



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Som ein oppsummering vil eg seie at statistikken viser at vi har ein aktiv kyrkjelyd og at blir gjort mykje arbeid som når mange. Nesten 12.000 har vore innom kyrkjene våre i 2015 i samband med gudstenester, dåp, konfirmasjon, vigsel, gravferd eller konsertar.

Og kyrkjelyden har aldri gitt meir i offer; til saman 231.741 kr – som gir eit snitt på 4.213 kr pr gudsteneste.

Og heile 69 % av det som er teke inn i offer går til arbeid *utanfor* kyrkjelyden.

Forslag til vedtak:

Soknerådet tek statistikken for 2015 til orientering.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet tek statistikken for 2015 til orientering.

Sak 002/16 Regnskapet for 2015

Regnskapet for 2015 er no ferdig ført frå kommunen si side, Revisor har sett over det med henblikk på momskompensasjon, og ikkje funne feil som har med meirverdiavgifta å gjere.

Vidare prosedyre no er at soknerådet skal godkjenne det framlagte regnskapet og deretter oversende det til revisor. Revisor skal levere sin revisjonsberetning innan **1. april** (jfr §5-7 i *Forskrift om økonomiforvaltningen for kyrkjelege fellesråd og sokneråd.*). Men både revisor og økonomikontoret i kommunen er interessert i at kyrkjeregnskapet blir ferdig før dei tek til med kommunen sitt. Difor kjem denne saka opp allereie no, og da vil venteleg revisjonsberetningen vere ferdig til soknemøte den 10. mars.

Drift

Når det gjeld sjølve regnskapet så har driftsutvalet blitt halde jamleg orientert om den økonomiske utviklinga gjennom året. Desse rapportane har vist at vi har ligge på budsjett heile tida, men det låg an til at fastlønna ville hamne om lag 50.000 høgare enn budsjettet (2,5 %).

Avsetning av pensjonskostnadane til KLP blei sett til vel 22 % i budsjettet, etter råd frå KLP. Så, utpå hausten viser det seg at det var altfor høgt, og vi fekk indikasjonar på at ved årsoppgjeret ville den reelle pensjonskostnaden bli ein god del lågare. No viser det seg at desse kostnadane hamna 184.620 kr under budsjett.

Den andre store «sekkeposten»; *kjøp av varer og tenester* landa 67.000 kr over budsjett (men berre 17.000 kr over opprinneleg budsjett). Inntektene derimot landa 250.000 kr over budsjett.

Driftsresultatet i 2015 blei da på kr 234.431,16, og etter avsetningar og finansieringstransaksjonar blir det da eit mindreforbruk på kr 188.634,17.

Investering

Det store investeringsprosjektet i 2015 har vore ombygging og rigging av nytt kyrkjekontpr på Nes menighetshus. Kostnadane i 2015 har kome på i overkant av 500.000.kr. Vel 200.000 kr av dett er bruka på inventar (lausøre), og det er naturleg kostnadar som soknerådet som leigetakar skal bere. For å finansiere dette er det kommunale investeringstilskotet på 150.000 kr bruka, i tillegg til at det er overført 50.000 kr frå driftsbudsjettet.

Så er det bruka vel 300.000 kr på ombygging av huset. Desse kostnadane bærer også soknerådet , men her



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

har vi fått til tilskot frå huseigar (Nes menighetshus) på 300.000 kr
Prosjektet er enno ikkje heilt ferdig, og det er ein påløpt kostnad som ikkje har blitt fakturert enno, og det er el. installasjon. Det må difor påreknast nokre investeringskostnadar også i 2016 for å ferdigsstille ombygginga.

Ein reparasjon på taket Nes kyrkje var ei anna investering som blei gjort i 2015. Då taket over skipet blei lagt nytt ein gong på 1950-talet, blei det laga ei svært dårleg løysing ved utskottet på SV hjørnet av taket. Det har ført til at vatn har rent ned i takkonstruksjonen gjennom mange år, med det resultat at taket har råttna. No er denne skade utbetra, slik at det neste som må gjerast med taket på Nes kyrkje er å skifte ut takstein, papp og lekter. Dette må gjerast ilar ein 5-års periode.

Resultatet av investeringane i 2015 viser eiin udekka investeringskostnad på kr 139.185,12.
Kyrkjeverja rår til å dekke inn desse investeringane over investeringsbudsjettet i 2016, og overføre mindreforbruket på drift til eit disposisjonsfond.

Forslag til vedtak:

Det regnskapsmessige mindreforbruket på kr 188.634,17 blir overført til disposisjonsfond.

Dei udekka investeringskostnadane på kr 139.185,12 blir finansiert på investeringsbudsjettet i 2016.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet godkjenner det framlagte regnskapet, under føresetnad om revisor sin godkjenning.

Det regnskapsmessige mindreforbruket på kr 188.634,17 blir overført til disposisjonsfond.

Dei udekka investeringskostnadane på kr 139.185,12 blir finansiert på investeringsbudsjettet i 2016.

Sak 003/16 Budsjett 2016 - SR januar

Generelt

Budsjettet for 2016 blei drøfta fyrste gong i DU (driftsutvalet) den 21.10.15 (sak 23/15). Med bakgrunn i det som kom fram under drøftinga på det møtet blei revidert budsjettforslag handsama 2.11.15 (sak 25/15).

Det blei da vedteke om å søke kommunen om ei auke i investeringstilskotet frå 150.000 kr til 350.000 kr, for å muleggjere oppgradering og reparasjon av skader i Sauherad kyrkje.

I tillegg blei det føresett at det kommunale tilskotet, som var på 2,906 mill kr i 2015, blei deflatorjustert (med ca 2-2,5 %), og styrka med 170.000 kr til dekking av nye kostnadar som følgje av at kyrkjekontoret har flytta ut av kommunehuset.

Inntekter

Kommunen har i sitt budsjettmøte 11.12.15 løyva eit tilskott på **3,1 mill kr** i driftstilskot og 150.000 kr i investeringstilskot i 2016. Det er ei auke på 194.000 kr frå 2015, men mindre enn det vi ba om. Det ser ut til at vi har fått 100.000 kr til dekking av nye kostnadar knytt til kontorhald på Nes menighetshus, og så er tilskotssummen justert med vel 90.000 kr.

Dei har også valt å sende pangane til nedbetaling av lån på tilbygget på NMH over kyrkjebudsjettet. Vi har sendt brev til kommunen der vi meiner at det er ein uryddig måte å gjere det på, men sidan det er slik saka står akkurat no er desse 250.000 kr ført inn og ut av vårt budsjett i 2016.



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Inntekta av festeavgifta vil i 2016 vere vesentleg lågare enn i 2015 – i beste fall 150.000 lågare – i verst fall 200.000 kr. I 2016 fakturerte vi for 681.000 kr og fekk inn **636.400**. I 2016 vil vi fakturere ut 150.000 kr mindre, og det er lagt inn eit optimistisk anslag på at det vil bli betalt inn **470.000 kr**.

Kyrkjene

Kostnad og tilskot til restaurering av kalkmaleria i Nes er teke ut av budsjettet sidan Riksantikvaren avslo søknaden vår om overføring av tilskotet til 2016. Vi har sendt ny søknad om å få tilskot no i 2016, men i påvente av eit svar på søknaden er prosjektet teke ut av driftsbudsjettet for 2016.

Rep. av skader på Sauherad kr er det heller ikkje sett av pengar til. Her ventar vi på ein rapport som vil seie noko om kva som er problemet, kva som må gjerast for å utbetre skadane og kva dette vil koste. Kyrkjeverja reknar med at utbetningskostnadane vil vere av eit slikt omfang at vi ikkje under nokon omstende har høve til å dekke dei innanfor våre normale løyvingar. Riksantikvaren vil betale for rapporten.

Kjøp av benkeputer til Sauherad kirke ligg framleis inne i budsjettet, med ein kostnad på 65.000 kr. Dette er tenkt finansiert av inneståande på fond (37.000 kr) og resten er forutsatt dekkja ved gåver. Det kan vere at vilja til å gje meir pengar til desse putene, som mange no er utålmodige etter å få på plass, byrjar å minke. Difor må vi vere budd på å dekke ein del av restkostnaden sjølve.

Kyrkjegardane

Kyrkjeverja ynskjer å bruke ein del av det som ikkje er bunde opp i faste kostnadar til å utbetre kyrkjegardsmuren i Nes og til å frese nokre stubbar som er fjerna på kyrkjegardane, slik at det kan forenkla vedlikehaldet. Dette kan dreie seg om ca 30.000 kr.

Personal

På personalsida er det lagt opp til eit lågt sjukefråver og lite bruk av vikarar. Den ekstra styrkinga av staben med ein kyrkjetenar i 60 % stilling, med lønstilskot frå NAV, er budsjettert inn ut august 2016. Han vil da venteleg minimere behovet for innleige av sesongbasert arbeidskraft på kyrkjegardane.

Investering

Når det gjeld investeringar så legg vi opp til å kjøpe ein minitraktor til bruk på kyrkjegardane. Vi har i dag ikkje andre maskinar enn to grasklypparar og ein eldre gravemaskin som står i Sauherad.

Kyrkjeverja ber om fullmakt til å bruke inntil 200.000 kr til investering av ein høveleg traktor/multimaskin til dette føremålet. Elles blir budsjettet lagt fram som vist i vedlegga.

Forslag til vedtak:

Soknerådet godkjenner det framlagte budsjettet.

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet godkjenner det framlagte budsjettet for 2016



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Sak 004/16 Offerliste 2016

Det er soknepresten og soknediakonen som har sett opp den vedlagte offerlista for 2016. Den er i stor grad basert på listene frå dei siste åra der dei fleste offermottakarane går igjen med eitt eller fleire offer. Men fordeling offermottakarane imellom kan variere litt frå år til år.

Kyrkjelyden i Sauherad og Nes er flinke til å gje offer, og «offerviljen» viser også ein stigande tendens med ei årleg auke på 7 % sidan 2010. I fjor blei det samla inn kr 231.741, noko som gir eit gjennomsnitt på 4.213 kr pr ofring.

Som det også går fram av tabellen nedanfor så blei heile 70 % av dei innsamla midla i fjor sendt vidare til andre organisasjonar, som m.a. driv misjon og ulike typar hjelpearbeid. Når vi reknar Nes menighetshus (forkorta NMH) som vårt eige arbeid så ligg vi i 2016 an til at vi beheld 33 % av ofringane sjølve – gitt at alle offer er like store.

		2015		2016	
Menighetsarb	Barne- og ungdomsarbeid	14 612,00			
	Menighetsarb	34 500,00	60 995	26 %	24 %
	Helsing	9 859,00			
	Kulturarb	2 024,00			
NMH		11 444,00	11 444	5 %	9 %
Indre misjon			-	-	
	Normisjon	3 583,00	3 583	2 %	7 %
		-			
Ytre misjon			-	-	
	Misjonsprosjektet	17 498,00	73 101	32 %	33 %
	Viljandi	7 423,00			
	Konf. Solidaritetsaksjon	28 622,00			
	Misjon - andre	19 558,00			
Andre	Div. organisasjonar, Kirkens SOS +	36 673,00	82 618	36 %	27 %
	Kirkens Nødhjelp	43 277,00			
	Bibelselsk.	2 668,00			
Sum		231 741	100 %	100 %	
Gjennomsnitt		4 213	0		

Dette er eit forslag, og det er soknerådet som skal avgjere kven som skal få offer, jfr kyrkjelova § 9.

Forslag til vedtak:

Soknerådet godkjenner vedlagte offerliste for 2016.

Møtebehandling:

Det blei litt ordveksling om offerlista, om nokon skulle ut og andre offerformål skulle inn.

Vedtak:

Soknerådet godkjente den framlagte offerlista for 2016 med flg endringar:

- Offer til Agder og Telemark bispedømeråd erstattar offeret til Israelmisjonen (17/7)
- Offer til Stefanusalliansen blir sett inn den 30/10.
- Misjonsprosjektet får 4 offer. Det siste og 4. blir den 27/11



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

Sak 005/16 Valg av kontaktperson til Kirkens SOS, Telemark

Menighetene i Den norske kyrkja og menighetene i den Evangelisk Lutherske Frikirke står som eiere av Kirkens SOS i Telemark.

Utsendinger fra disse menighetene utgjør det øvste ledelsesorganet i fylket.

Menighetene skal ha valgt en kontaktperson for Kirkens SOS Telemark.

Det er naturlig at vedkommende representerer menigheten på møtet i representantskapet.

Endelig innkalling med saksliste og sakspapirer sendes ut i h.h.t. våre vedtekter uke 7.

Påmelding til møtet sendes, Kirkens SOS Telemark v/Arne Sørli på epost: arne.sorlie@kirkens.sos.no eller tlf./mob. 35 58 78 00/900 59 297 **innen mandag 29.02.16.**

Forslag til vedtak:

Soknerådet utnemner NN som soknet sin kontaktperson mot Kirkens SOS Telemark, og utsending til representantskapsmøtet

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet utnemner Målfrid Nygård Laskemoen som soknet sin kontaktperson mot Kirkens SOS Telemark, og utsending til representantskapsmøtet

Sak 006/16 Val av nye styremedlemar til Nes menighetshus

Iht vedtektene for stiftelsen Nes menighetshus skal soknerådet i løpet av 1. kvartal kvart år velje nytt styre.

Styret består av 6 representantar og tre vararepresentantar. Dei faste repr. blir valt for to år medan vararepr. veljast kvart år. Om lag halvparten av dei faste repr. er på val kvart år.

I 2016 er det *Bjørn Holta* og *Inga Høvik*, og vararepresentantane *Birgit Brenne*, *Randi Slettebø* og *Eie Bergan* som er på val. Dei som sit i eitt år til er *Arne Aune*, *Sverre Blaasvær* og *Gepke Robijns Post*.

Bjørn Holta har vore styreformann dei siste to åra og han har kunngjort at han stiller sin plass til disposisjon.

Menighetshuset har flg formålsparagraf (§ 1 i vedtektene):

«Nes menighetshus skal tene som samlingsstad for all kristeleg verksemd i Sauherad og Nes sokn som er tufta på evangelisk-luthersk grunn.

I første rekke skal menighetshuset gi rom for samlingar om Guds ord, og ein skal vere særleg imøtekommande når det gjeld kristeleg verksemd blant barn og unge.

Det er ein hovudtanke at heile soknet skal rekne huset som sitt og kjenne ansvar for det.

Menighetshuset skal også gi plass for humanitære, sosiale og kulturelle aktivitetar, for minnesamvær ved gravferder og for samvær i andre høve. Det avgjerande er at all aktivitet er i samsvar med formålet i denne paragrafen.»

Kyrkjeverja rår til at soknerådsrepresentantane kjem med forslag til, og forespør, aktuelle



DEN NORSKE KIRKE

Sauherad og Nes sokn

kandidatar til styret. To + tre (vara) av desse kan da bli valt av soknerådet på neste møte (17. feb.)

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Vedtak:

Forslag til nye styremedlemar til Nes menighetshus sendast kyrkjeverja innan 10. februar.

Sak 007/16 Soknemøte/årsmøte 2016

I § 9 i kyrkjelova (KL) står det at «Soknerådet gir kvart år soknemøtet ei orientering ristelege arbeidet i soknet». Dette møtet er fastsatt til **torsdag 10. mars kl 19 på Nes menighetshus.**

I tillegg til gjennomgang av årsmeldinga har vi dei seinaste åra også teke opp ulike tema; som ny liturgi, innføring av ny salmebok, trusopplæringsplanen og i fjor – kalkmaleria i Nes kyrkje.

Kyrkjeverja foreslår at ungdom og ungdomsarbeidet blir tema i år, og eitt av innslaga kan vere å få ei orientering frå ungdomane som i regi av konfirmantane sitt støttearbeid i Estland, skal reise dit saman med soknediakonen fyrste helga i mars.

Forslag til vedtak:

Saka leggst fram utan forslag til vedtak.

Møtebehandling:

Det blei orientert litt om soknemøtet og korleis dette skal leggst opp. Det blir fokus på ungdom og ungdomsarbeid, og trusopplærer, KRIK, ungdomspresten i Seljord og besøk av konfirmantane som skal til Estland i første av mars er aktuelle aktørar.

Vedtak:

Det blei ikkje fatta noko konkret vedtak

For Sauherad og Nes sokneråd

sh.trond
kyrkjeverje